

# ÅRSMELDING 2020

Sunnhordland Kraftlag AS



Eit berekraftig selskap  
for framtida.

**SKL** The logo for Sunnhordland Kraftlag AS, featuring the letters "SKL" in a bold, sans-serif font with a stylized blue swoosh icon integrated into the letter "L".

# INNHOLD

<b>3</b>	<b>18</b>
<b>4</b>	19
5	21
<b>6</b>	22
10	23
<b>11</b>	25
12	26
13	27
15	28
16	29
	30
	32
	33
	35
	37
	38
	39



# SKL – EIN VITAL 75 ÅRING



SKL vart stifta av framsynte Sunnhordlendingar i mars 1946. I skrivande stund er selskapet 75 år. Historia til SKL er lik som mange av dei sel-skapa som var med på industriutvikling i bygd og by, ei utvikling der rein, fornybar og evig-varande straum var viktigaste innsatsfaktor.

Året me har lagt bak oss har vore spesielt på fleire måtar. Først og fremst har drifta vore prega av restriksjonar og mykje bruk av heime-kontor, men med svært dyktige og motiverte tilsette har drifta gått tilnerma normalt. Det må likevel vera lov å seia at vi ser fram til ein meir normal kvardag. Ein viktig del av eit godt og utviklande arbeidsmiljø handlar om å møte kollegaer, samarbeidspartnarar og kundar fysisk, og ikkje berre igjennom ein skjerm. Men me, som alle andre, skal halda ut. Det kjem lysare og betre tider.

SKL er ein reindyrka kraftprodusent som sel all krafta si til børsen laupande. Det betyr at resultata til selskapet svingar med marknaden. Året 2020 var veldig spesielt. Medan 2018 og 2019 var selskapet sine beste år nokon sinne, vart 2020 selskapet sitt svakaste resultat i moderne tid. Dette skuldast unormalt mykje vatn /snø, som gjorde at kraftprisen "kollapsa". Me ser likevel framover, og er trygge på at fornybar kraft er rett for framtida. Derfor byggjer SKL for tida på fem kraftverk og skal investera for nær ein milliard kroner dei kommande åra. Vi byggjer Løkjesvatn kraftverk i Etne, Risvollsela kraftverk i Sauda, Håfoss kraftverk i Fjæra, Einungsstølsåna kraftverk i Røldal og Jarlshaug kraftverk i Samnanger.

Det er ikkje enkelt å vera politikar, og gjera alle til lags. Vi i SKL er glade for at kraftbransjen er blitt høyrt, og at politikarane har etablert eit system som stimulerer til oppgradering og utvikling av den evigvarande vasskrafta. Dette gir muligheter til bransjen og SKL, som vi håpar skal materialisera seg i nye prosjekt i nærmot. Vi treng – også i framtida – framsynte politikarar som kan sjå føre seg kva verda og Norge skal "leve av" framover. Vi må vekk frå haldningar og setninger som at vi skal leggja ned det gamle og avvikla det gamle. Det vi må gjera er å skapa det nye. Difor må politikarane vera tøffe og framsynte, og gi rammevilkår som

**"SKL ER EIN UNG 75 ÅRING. NÅR VI NO SER FRAMOVER, SER VI EI FRAMTID DER FORNYBAR KRAFTPRODUKSJON VERT AVGJERANDE FOR Å LUKKAST MED EI OMSTILLING TIL EIT NULLUTSLEPPSSAMFUNN."**

skapar framtida. Det inneber auka kostnad til forureining, samt tilrettelegging for utbygging og eksport av kraft frå vind på land, vind til havs og vasskrafta.

SKL er ein ung 75 åring. Når vi no ser framover, ser vi ei framtid der fornybar kraftproduksjon vert avgjerande for å lukkast med ei omstilling til eit nullutsleppssamfunn. SKL bidrar med dei kraftverka vi har, vi bygger nye, vil vil bygge nye framover, vi vil delta innan ny kraftproduksjon som vind til havs og vi vil vera med å konvertera deler av dagens fossile forbruk til forbruk av grønn hydrogen.

Vi ser framover mot dei neste 75 åra.

**JOHN MARTIN MJÅNES  
ADM. DIREKTØR**

# HOVUDTAL 2020

344	57
Omsætning mill. kr	Driftsresultat mill. kr
3	2
Årsoverskot mill. kr, etter skatt	Ubytte mill. kr
3.946	2.428
Totalkapital mill. kr	Eigenkapital mill. kr
61,5%	11,2%
Soliditet eigenkapital i % av totalkapital	Likviditetsgrad 1 omløpsmidlar i % av kortsiktig gjeld
1,6%	1,5%
Totalrentabilitet før rentekostnader i % av totalkapital	Eigenkapitalrentabilitet før skatt i % av gj.sn. eigenkapital
56	2.564
Årsverk pr 31.12	Total produksjon i SKL konsernet sine anlegg, GWh

# LØKJELSVATN KRAFTVERK

SKL har sidan 2019 rusta opp og utvida kraftverka i Etnevassdraget. Utbygginga omfattar Løkjelsvatn kraftverk, samtidig som Litledalen kraftverk og Hardeland kraftverk vert oppgradert og får redusert installasjon. Å bygge ut eksisterande anlegg er god miljøpolitikk og gir høg sysselsetjing.

Det nye Løkjelsvatn Kraftverk vert sett i drift ultimo 2022.

Utbyggingskostnad  
(millionar NOK)

600

Utbyggingstid  
(månader)

48

Tunnellengde

5 km

Total utbygging  
vil gi per år

163  
GWh



Tilsvarer elektrisitetsforbruket til  
omlag 15.000 norske hushald.

# HOVUDTAL 2012-2020 - KONSERNET SKL

Alle tall i 1000 NOK

RESULTATREKNESKAP		2020	2019	2018	2017	2016	2015	2014	2013	2012
Omsetning	mill. kr.	344	987	1 255	807	710	746	845	1 020	795
Driftsresultat	mill. kr.	57	597	818	411	284	154	299	413	279
Årsoverskott etter skatt	mill. kr.	3	269	355	153	161	51	124	185	80
Utbute	mill. kr.	2	160	210	115	120	38	93	139	60
BALANSE										
Totalkapital	mill. kr.	3 946	3 832	3 892	3 723	3 827	3 671	3 151	3 129	3 141
Eigenkapital	mill. kr.	2 428	2 434	2 319	2 178	2 157	2 103	1 290	1 318	1 264
Soliditet (eigenkapital i % av totalkapital)	%	61,5	63,5	59,6	58,5	56,4	57,3	40,9	42,1	40,3
Likviditetsgrad 1 (omløpsmidler i % av kortsiktig gjeld)	%	11,2	38,2	54,2	58,6	91,0	208,1	33,6	37,4	52,3
RENTABILITET										
Totalrentabilitet (resultat før rentekostnader i % av totalkapital)	%	1,6	16,2	21,8	11,5	7,6	4,7	9,8	13,5	8,5
Eigenkapitalrentabilitet før skatt (resultat/eigenkapital)	%	1,5	24,4	35,5	18,7	12,1	6,2	20,9	29,0	17,6
ÅRSVERK										
Årsverk per 31.12.		56	55	58	60	68	111	116	122	134

# STYRET SI ÅRSMELDING

SKL sin kraftproduksjon ligg i all hovudsak i Hordaland- og Rogaland fylke. Hovuddelen av kraftproduksjonen og driftsmiljøet er lokalisert til Matre i Kvinnherad kommune, der fleire stasjonar nyttar vassressursane i Blådalsvassdraget. SKL har også ei driftsavdeling i Litledalen i Etne kommune tilknytt Litledalen- og Hardeland Kraftverk. I tillegg eig og driv SKL Eikelandsosen kraftverk i Fusa, Rødne Kraftverk i Vindafjord, Bordalsbekken i Tysvær og to mindre stasjonar på Stord. SKL er også medeigar i Sima kraftverka (8,75 %) i Eidfjord og Ulla Førre kraftverka (2,54 %) i Rogaland og Aust Agder. Midlare kraftproduksjon i stasjonane er 2 298 GWh.

## VERKSEMDA

Konsernet Sunnhordland Kraftlag AS (SKL) er eit reindyrka konsern innan produksjon- og utvikling av fornybar vasskraft.

Småkraftsatsinga skjer hovudsakleg i eigne datterselskap og tilknytt selskap. I konserten inngår også 13 småkraftverk i eigne selskap. 9 av desse har kraftverk i drift med ein total midlare kraftproduksjon på 86 GWh, og 4 kraftverk på totalt 73 GWh er under bygging. Gjennom tilknytt selskap har SKL eigarskap i 10 småkraftverk med midlare produksjon på 128 GWh. Selskapet deltek også i kraftproduksjon i Sauda gjennom eigardel på 15 % i AS Saudefaldene.

Driftssentralen som overvaker og styrer produksjonsanlegga er lokalisert til Stord, som også er sete for hovedkontoret til selskapet.

## VIDARE DRIFT

Årsrekneskapet er avgjort under føresetnad om vidare drift. Styret stadfestar at føresetnaden er til stades.

## ARBEIDSMILJØ OG PERSONALE



## LIKESTILLING

Ved utgangen av 2020 hadde SKL 56 tilsette og 3 lærlingar, mot 55 tilsette i 2019. Totalt utgjer dei 56 tilsette 55,5 årsverk i 2020 mot 54,3 årsverk i 2019.

SKL har sidan 2002 vore IA- bedrift. Det er etablert ein livsfasetilpassa personalstrategi med heilskapleg fokus på: helse, motivasjon, kompetanse og livsfase. Målsetjinga er, i samarbeid med den einskilde, fagforeiningane, bedriftshelsenesta og NAV, å redusere sjukefråveret og leggje til rette for at tilsette kan arbeide lenger før uttak av pensjon. I 2020 hadde SKL 3 skader hjå tilsette, som medførte fråvær, dette gav H1-verdi lik 31,7. Tilsvarande tal for 2019 var ingen skadar med fråvær og H1-verdi lik 0. Samla sjukefråvær var 5,3 % mot 2,0 % i 2019.

SKL har tilsett ressurs som har ansvar for systematisk HMS-arbeid. SKL har samarbeidsavtale med bedriftshelsenesta, Aktimed.

Arbeidsmiljøutvalet (AMU) har 3 tilsette- og 3 arbeidsgjevarrepresentantar. I tillegg møter representant frå administrasjonen og frå Aktimed. AMU gjennomførte 4 møter i 2020. Faste saker er internkontroll, oppfølging av sjukefråvær, arbeidsrelaterte ulukker, skadar og andre uynskte hendingar. AMU handsamar og rapportar frå HMS-tenesta, byggjesaker og AMU-årsrapport.

Av 56 tilsette er 48 menn (47,5 årsverk) og 8 kvinner (8 årsverk). Med unntak av administrasjon er SKL si verksemد knytt til område der menn generelt i arbeidslivet er i overvekt.

## YTRE MILJØ

SKL sin primæraktivitet er å nytta vatn til produksjon av rein, fornybar energi. Produksjon av vasskraft har miljømessige fordeler framfor annan energiproduksjon. SKL er oppteken av å førebyggja og avgrensa miljøkonsekvensar, mellom anna gjennom tiltak i samband med vassdrags- og konsesjonsvilkår. Sjølv produksjonsprosessen påverkar ikkje ytre miljø.

Utbygging og drift av vasskraftanlegg inneber likevel inngrep i naturen. Størst verknad har inngrepa i samband med utbygging av nye anlegg, samt regulering og magasinering av vatn. SKL har innarbeidd gode rutinar som sikrar at all aktivitet tek omsyn til natur og miljø. Konserten har utarbeidd eigne berekraftsmål, og deltek aktivt i arbeid som sikrar at anlegga vert drifta utan miljøavvik.

Regulering av vassdrag har også positive miljøeffektar ut over produksjon av rein energi. I flaumperioder har konserten ved nokre høve kunna redusera vassmengda i vassdrag og hindra flaum og skadeomfang på miljø og eigedomar.

## YTRE MILJØ, FORTS.

Det vert nytta PCB-fri olje i alle transformatorar og andre oljehaldige komponentar. Det er etablert oljegruver for oppsamling av olje ved eventuell lekkasje.

Konsernet har i 2020 ikkje hatt vesentlege uynskte hendingar som har skada ytre miljø.

## OM DRIFTA

Året 2020 har vert eit spesielt driftsår, der alle delar av selskapet har vert prega av covid – 19 viruset. Til tross for utfordringar, har både drifta og bygging av kraftverk gått tilnerma normalt.

Produksjonen i 2020 vart på totalt 2465 GWh i SKL. Det er 167 GWh eller nesten 7,3 % meir enn det som er rekna som middels produksjon. Det skuldast i hovudsak mykje nedbør i løpet av vinteren 2020.

Dei konsoliderte småkraftverka hadde ein produksjon på 99 GWh. Dette er 14 GWh høgare enn midlare produksjon, og skuldast i hovudsak den våte og milde vinteren.

Magasininnhaldet ved inngangen til 2020 var 150 GWh lågare enn ved utgangen. Total nedbør i Matre vart 4032 mm (42 % høgare enn normalt) mot 2888 mm i 2019.

Dekningsbidraget av kraftomsetninga for 2020 på 277,8 mill.kr mot 777,8 mill.kr i 2019 (Sal energi fråtrekt kjøp energi) i SKL AS, og 286,6 mill.kr, mot 800,5 mill.kr i 2019 i konsernet. Totalt dekningsbidrag inkludert sal av sertifikat og systemtenester og med frådrag for leige av fall, vart for SKL 251,6 mill.kr og for konsernet 260,5 mill.kr, mot 754,4 og 776,7 mill.kr i 2019.

Det har vore god tilgjengeleight i dei heileigde produksjonsanlegga i løpet av året. Hardeland G1 har vert ute av drift sidan begynnelsen av juli på grunn av lagerhaveri. Gjennom året har det vore gjennomført vedlikehald i samsvar med plan utan at det har hatt signifikant innverknad på produksjonen. Det vert elles utført reinvesteringar og oppgraderingar i anlegga i samsvar med plan.

Året 2020 vart prega av ein ekstremt sterk hydrologi, der dei fleste kraftprodusentar mista kontroll på vatnet sitt. Derfor vart snittprisen for 2020 i prisområdet Blåfalli (NO2) 9,8 øre/kWh. Det er 28,8 øre/kWh lågare enn 2019. Prisen var høgast i starten av året med 24,4 øre/kWh i januar, medan den lågaste prisen fekk vi i juli med 1,5 øre/kWh. Spesielt november var spesielt lav med kun 5,0 øre/kWh.

Hovudvolumet av kraft vert seld til løpende spotpris på kraftbørsen Nordpool. Oppnådd pris på fritt omsetteleg kraft i SKL vart 10,7 øre/kWh mot 39,7 øre/kWh i 2019. Tilsvarande tal for dei konsoliderte småkraftverka var 8,5 øre/kWh.



## OM ÅRSREKNE- SKAPEN

### Resultat

Rekneskapen for 2020 syner omsetning på 344,4 mill. kr. for konsernet og 351,3 mill. kr. for morselskapet. Resultat før skatt er 35,6 mill. kr. for konsernet, tilsvarande tal for morselskapet er 54,6 mill. kr. Overskot etter skatt er 2,9 mill. kr. for konsernet og 18,8 mill. kr. for morselskapet. Samanliknande overskot etter skatt var kr 269,5 mill. kr. for konsernet og 271,1 mill. kr. for morselskapet i 2019. Bokført skattekostnad i konsernet utgjer 32,7 mill. kr., medan bokført skattekostnad for morselskapet utgjer 35,7 mill. kr.

Totalt er resultat for konsernet før skatt 559,5 mill. kr. svakare enn tilsvarande tal førre år.

### Etter skatt er resultatet svekka med 266,5 mill.kr:



- Til tross for stort tilsig og produksjon medførte historisk svak pris for året totalt og lengre periodar med pris marginalt høgare enn 0 til at dekningsbidraget frå kraftsalet fall med 513,9 mill. kroner for konsernet og 499,9 mill. kroner for morselskapet.
- Prisen på elsertifikat og systemtenester fall kraftig tilbake i forhold til 2019. Til tross for betre prisar på opphavsgarantiar fall dekningsbidraget til 14,1 mill.kroner for konsernet og 12,8 mill.kroner for morselskapet mot hhv. 20,5 mill.kroner og 16,9 mill. kroner i 2019.
- Kostnader til overføring av produsert kraft auka med til 3,9 mill.kroner for konsernet og 4,3 mill.kroner for morselskapet grunna endring marginaltap i nettet.
- Lønnskostnadene auka med 22 mill.kroner og konsernet og 18,9 mill.kroner for morselskapet målt mot 2019. Endringa skyldast hovudsakleg eingongseffekt i 2019 knytt til endring i pensjonsordning med effekt for estimat for framtidige pensjonsforpliktingar. Både 2019 og 2020 er prega av høg investeringsaktivitet som flyttar lønnskostnader mot investeringsprosjekt og vekk frå resultatrekneskapen.
- Andre driftskostnader er 2,5 mill.kr for lågare enn tilsvarande i 2019 for konsernet til tross for vekst i aktivitetene. For morselskapet er tilsvarande tal ei auke med 2,2 mill.kroner. I morselskapet skyldast mykje av auken prosesskostnader i knytt til marknadsmoglegheiter.
- Avskrivingane i konsern og morselskapet til tilnærma uendra. Til tross for høg investeringsaktivitet i 2020 er det få investeringar som er idriftsett, og belastar resultatet med avskrivingar.
- Renteinntekter på utlån og plassering er lågare enn i 2019 grunna fall i marknadsrentene. Inntektsført utbytte og resultat frå tilknytt selskap fell med totalt 13 mill. kroner.
- Rentekostnadene Dette skuldast gjennomsnittleg lågare nivå på renteberande gjeld gjennom 2019 enn tilsvarande året før, men eit høgare rentenivå. Rentenivået er delvis sikra gjennom rentebytteavtalar.
- Rentekostnaden i konsernet aukar med 3,6 mill.kroner og 4,2 mill.kroner for morselskapet. Endringa skyldast netto endring i lån med 536 mill. kroner for konsernet som følgje av negativ endring i arbeidskapital og investeringar. Auken i rentekostnadene vart delvis motverka av fall i marknadsrentene. Effekten av endring i marknadsrenta vert avgrensa ved bruk av rentebytteavtalar.

## INVESTERINGAR OG LANGSIKTIGE FORDRINGAR

Samla for selskapa som er konsolidert i konsernrekneskapen, inkludert minoritetar sin del, er det investert i varige driftsmidlar for netto 258,1 mill. kr. i 2020. Dei største postane gjeld:

- 159,5 mill. kroner på prosjektet Løkjelsvatn Kraftverk i Etne
- 76,9 mill.kroner er nyttia ifbm utbygging av småkraftverk.
- 7,6 mill.kroner er nyttia ifbm engasjementet i Sima- kraftverka, herunder andel av utbygging av Storlia kraftverk.
- 6,0 mill.kroner er nyttia ifbm engasjementet i Ulla Førre- kraftverka
- 0,8 mill. kroner er nyttia ifbm revisjon av Børteit kraftverk.
- 5,1 mill.kroner er nyttia ifbm revisjon og utbetringar knytt til Blåfelli 3, Blåfelli 4 og Litledalen kraftverk.
- 1,1 mill.kroner er nyttia til beredskapsport for Blåfelli Vik etter pålegg.
- I tillegg kjem mindre investeringar vannstandsmålar, utskifting av bilar, verktøy mv, totalt 1,1 mill.kroner.

## BALANSE OG LIKVIDITET

På konsernnivå hadde SKL ein likviditetsgrad 1 på 0,11 pr. 31.12.2020. Tilsvarande tal pr. 31.12.2019 var 0,38.

Arbeidskapitalen er pr. 31.12.2020 negativ med 772,8 mill. kroner for konsernet. Korrigert for finansiering klassifisert som kortsiktig grunna tid til forfall vert arbeidskapitalen negativ med 35,1 mill.kr. Tilsvarande for 2019 var negativ med 341,7 mill. kr. Endringa skuldast hovudsakleg at kortsiktig gjeld knytt til skatt og utbytte er utbetalt gjennom 2020 samtidig som det i mindre grad er bygd opp ny skattekjeld.

Likviditetssituasjonen er god og i samsvar med planlagde handlingar frå konsernet. Tala må sjåast i samanheng med unytta trekkrettar og kassakreditt på til saman 527 mill. kr. Samla gjeld knytt til obligasjonar, sertifikat og kassakreditt utgjer 1 368,3 mill.kr mill. kr pr. 31.12.20. Av dette er det forfall for obligasjon og sertifikat med totalt 600 mill.kr. I tillegg er oppretta kassakreditt med 137,7 mill. kroner klassifisert som kortsiktig. Unytta trekkrettar og kassakreditt i kombinasjon med venta innbetalingsoverskot frå drifta gir god dekning for forfall på gjeld og investeringar i kommande periode.

Konsernet sin soliditet er god. Etter avsett utbytte til eigalar er eigenkapitaldelen ved utgangen av året 61,9%. Marknadsverdien i konsernet sine produksjonsanlegg er langt høgare enn bokførte verdiar. Eigenkapitalen er forsvarleg ut frå risiko ved, og omfanget av verksemda i konsernet.



## KONTANTSTRAUM

Konsernet hadde negativ kontantstraum frå drifta på 232,7 mill. kr. etter betaling av skatt og endring i driftsrelaterte tidsavgrensingar. Tilsvarande tal for 2019 var positivt 95,3 mill.kr. Endringa skylast svekka resultat frå drifta i kombinasjon med betaling av skatt etterskotsvis. Etter netto investeringar i driftsmidlar og finansielle egedelar med 276,6 mill. kroner er netto kontantstraum før finansiering negativ med 509 mill. kroner. Etter opplåning med 536 mill. kroner og utbetalting av utbytte med 160 mill.kroner er endring i kontantbeholdning negativ med 133 mill.kroner ned til 66 mill.kroner.

Morselskapet hadde ein negativ kontantstraum frå drifta på 226 mill. kr. etter endring i fordringar, kortsiktig gjeld og driftsrelaterte tidsavgrensingar. Tilsvarande tal for 2019 var positiv med 101 mill.kr.

Avlagt rekneskap gir eit reelt bilet av verksemda og finansiell situasjon for 2020. Det er ingen hendingar etter årsskiftet som har vesentleg innverknad for årsrekneskapen 2020.

## FRAMTIDIG UTVIKLING

Sjølv om 2020 var eit utfordrande år med tanke på kraftpris og resultat, vert framtidig inntening og finansiell stilling vurdert som god på både kort og lang sikt. I starten av 2021 har marknadsprisane for kraft for levering i 2021 styrka seg kraftig etter redusert hydrologisk overskot og styrka underliggende drivrarar for kraftprisen.



Endringa i marknadsprisane i 2021 har også gitt betre samsvar mellom marknaden og fundamentale drivrarar og forventingar til kraftprisen på mellomlang til lang sikt.

SKL arbeider med konkrete prosjekt for realisering av ny fornybar kraftproduksjon. I tillegg står selskapet midt i betydelege re- investeringar i kraftverka i Etne der Løkjelsvatn Kraftverk er under bygging. Dette kraftverket erstattar fleire eldre kraftverk og vil nytta energien i vatnet på ein meir effektiv måte.

Konsernet SKL har god soliditet, og drifta er venta å genererer stor positiv kontantstraum som sikrar likviditetssituasjonen.

SKL vil framover fortsette å ha fokus lønnsam vekst innan fornybar vasskraft på den eine sida, og på den andre arbeide for å ytterlegare optimalisere og effektivisere SKL som eit reint produksjonsselskap.

<b>FINANSIELL RISIKO</b>	<p>Sjølv om 2020 var eit utfordrande år med tanke på kraftpris og resultat, vert framtidig inntening og finansiell stilling vurdert som god på både kort og lang sikt. I starten av 2021 har marknadsprisane for kraft for levering i 2021 styrka seg kraftig etter redusert hydrologisk overskot og styrka underliggende drivarar for kraftprisen.</p> <p>Endringa i marknadsprisane i 2021 har også gitt betre samsvar mellom marknaden og fundamentale drivarar og forventingar til kraftprisen på mellomlang til lang sikt.</p> <p>SKL arbeider med konkrete prosjekt for realisering av ny fornybar kraftproduksjon. I tillegg står selskapet midt i betydelege re-investeringar i kraftverka i Etne der Løkjelsvatn Kraftverk er under bygging. Dette kraftverket erstattar fleire eldre kraftverk og vil nytta energien i vatnet på ein meir effektiv måte.</p> <p>Konsernet SKL har god soliditet, og drifta er venta å genererer stor positiv kontantstraum som sikrar likviditetssituasjonen.</p> <p>SKL vil framover fortsette å ha fokus lønnsam vekst innan fornybar vasskraft på den eine sida, og på den andre arbeide for å ytterlegare optimalisere og effektivisere SKL som eit rent produksjonsselskap.</p> <p>SKL driv ei kapitalintensiv verksemd. Vekst og re-investering gir auka kapitalbehov i åra framover, samtidig som eksisterande låneporfjøle må refinansierast.</p> <p>SKL står blant anna ovanfor følgjande finanzielle risiko:</p>						
<b>PRIS-, VOLUM- OG VALUTARISIKO</b>	<p>SKL er eksponert for prisrisikoen for krafta som selskapet produserer. Prisen i kraftmarknaden er volatil. På kort sikt er prisen svært sensitiv til hydrologisk situasjon og til prisen i andre markander som Gass, utsleppskvotar og oljepris. Etter utbygging av meir uregulert kraftproduksjon som vind- og småskala vasskraft er prisen også blitt meir sensitiv til vind- og nedbørssituasjon på kort sikt.</p> <p>SKL har valgt ein strategi der all kraft blir solgt i marknaden til spot-pris. SKL er difor svært eksponert for endringar i marknadsprisen, noko som resultata i 2020 viser. SKL har ein solid finansiell stilling og eigarar som kan handtere denne risikoen. Sjølv om kortsiktige svingningar kan dempast ved førehandssal av kraft, er det ikkje sannsynleg at dette over tid vil gi betre resultat, og kan heller ikkje beskytte mot langsiktige endringar i kraftmarknaden.</p> <p>Med kraftproduksjon basert på vasskraft vil tilgang på vatn og produksjonsevne variere frå år til år. For SKL, som har Folgefonna i sitt nedslagsfelt, vil breen representere ein utjamnande effekt i dei årlege variasjonane i SKL sitt største produksjonsanlegg. Volumrisikoen vert difor vurdert som noko mindre for SKL enn for bransjen generelt.</p>						
<b>RE-FINANSIERINGS-RISIKO</b>	Selskapet har ein finansieringsrisiko for kapitalbehov frå vekst og re-finansiering. Kort løpetid i låneporfjøla aukar denne risikoen. Risikoen vert handtert gjennom spreiing av forfall over tid, samt finansieringsrammer gjennom trekkrettar.						
<b>RENTERISIKO</b>	Selskapet sin renterisiko frå låneporfjøla vert sikra gjennom rentebyteavtalar.						
<b>RESULTAT-DISPONERING</b>	<p>SKL si målsetjing er langsiktig verdiskaping. For å bidra til å bygga ein kapitalbase for vidare vekst, er det lagt opp til at selskapet held tilbake om lag 40 % av konsernresultatet. Kapitalutbetalinga til eigarane for 2020 rekneskapen vert foreslått til 2 mill. kr.</p> <p>Ut frå kontantstraum og kapitalstruktur i konsernet, er det styret si meining at forslaget nedanfor til resultatdisponering er forsvarleg og i samsvar med dei skisserte måla for konsernet.</p> <p>Styret sitt forslag til disponering av overskottet for Sunnhordland Kraftlag AS for 2020:</p> <table> <tbody> <tr> <td><b>Avsett til utbytte</b></td> <td>2 000 000 kr</td> </tr> <tr> <td><b>Avsett til annan eigenkapital</b></td> <td>16 834 000 kr</td> </tr> <tr> <td><b>Sum disponering</b></td> <td>18 834 000 kr</td> </tr> </tbody> </table>	<b>Avsett til utbytte</b>	2 000 000 kr	<b>Avsett til annan eigenkapital</b>	16 834 000 kr	<b>Sum disponering</b>	18 834 000 kr
<b>Avsett til utbytte</b>	2 000 000 kr						
<b>Avsett til annan eigenkapital</b>	16 834 000 kr						
<b>Sum disponering</b>	18 834 000 kr						



JOHN MARTIN  
MJÅNES  
Adm. direktør



OLAV  
LINGA  
Styreleiar



OLAV  
OSVOLL  
Nestleiar



JORUNN  
HÅVARDSHOLM  
Styremedlem



ASTRID  
KJELLEVOLD  
Styremedlem



WILLIE  
WÅGEN  
Styremedlem



METTE HEIDI  
EKRHEIM  
Styremedlem



EGIL  
ÅKRA  
Styremedlem tilsett



HEGE  
ØKLAND  
Styremedlem tilsett

## SELSKAPSSTRUKTUR OG ORGANISASJON

### AKSJONÆRFORHOLD

SKL er eit regionalt eigd selskap. Etter kapitalutvidinga mot Haugalandet i 1951 var aksjonærforholda uendra i 45 år, fram til utgangen av 1996. Då kom BKK inn på eigarsida etter kjøp av aksjepostar.

### EIGARVILKÅR

Det er ikkje forkjøpsrett til aksjane, men overdragning krev styret sitt samtykke.

### STYRET

Styret har åtte medlemmar. Fem blir valde av generalforsamlinga, Vestland fylkeskommune oppnemnar ein og dei tilsette vel to.

### ADMINISTRATIV ORGANISERING

Fokus på resultatkrav og tilrettelegging for ei meir team- og prosjektrelatert arbeidsform innan alle område har vore sentrale føringer for SKL si overordna organisering.

### HAUGALAND KRAFT AS

Antall aksjer: 2 236 709  
Antall prosent: 59,7%

### BKK AS

Antall aksjer: 1 430 724  
Antall prosent: 38,2%

### FJELLBERG KRAFTLAG AS

Antall aksjer: 111 216  
Antall prosent: 3%

### STORD KOMMUNE

Antall aksjer: 80 109  
Antall prosent: 2,1%

### TOTALT

Antall aksjer: 3 747 542  
Antall prosent: 100%

# REKNESKAP 2020



SKL

# RESULTATREKNESKAP

## MORSELSKAP OG KONSERN

KONSERN		DRIFTSINNTEKTER:		MORSELSKAP		
2019	2020			NOTE	2020	2019
946 157	310 742	Sal Energi		2,5	310 772	943 184
24 461	15 296	Sal av sertifikat og garantier		2,5	15 340	24 198
15 962	18 366	Andre driftsinntekter		2,5	25 211	20 532
<b>986 580</b>	<b>344 404</b>	<b>Sum driftsinntekter</b>			<b>351 323</b>	<b>987 914</b>
DRIFTSKOSTNADER:						
145 632	24 136	Kjøp Energi		2,5	32 923	165 388
20 981	10 195	Kjøp sertifikat, garantier og falleige		2,5	11 046	21 408
27 292	31 244	Overføringskostnader		2,5	30 511	26 194
35 320	57 303	Løn og sosiale kostnader		5,6,7	57 303	38 421
98 072	101 896	Andre driftskostnader		2,4,5,6	99 303	90 876
62 003	62 651	Av- og nedskrivingar		5,8	53 832	53 261
<b>389 300</b>	<b>287 425</b>	<b>Sum driftskostnader</b>			<b>284 918</b>	<b>395 548</b>
<b>597 279</b>	<b>56 978</b>	<b>Driftsresultat</b>			<b>66 405</b>	<b>592 366</b>
FINANSPOSTAR:						
9 048	6 582	Renteinntekter		4,5	10 065	12 345
-1 321	-4 865	Inntekt frå investeringar i tilknytt selskap		4,5	0	0
13 900	4 383	Andre finansinntekter		4,10	4 383	13 900
-23 816	-27 453	Finanskostnader		4,1	-26 286	-22 089
<b>-2 189</b>	<b>-21 353</b>	<b>Netto finanspostar</b>			<b>-11 838</b>	<b>4 156</b>
<b>595 091</b>	<b>35 626</b>	<b>Resultat før skatt</b>			<b>54 567</b>	<b>596 522</b>
325 604	32 659	Skattekostnad		12	35 733	325 407
<b>269 486</b>	<b>2 966</b>	<b>Årsresultat</b>			<b>18 834</b>	<b>271 115</b>
KONSERN:						
268 787	4 678	Majoritetenes resultatandel				
699	-1 712	Minoritetenes resultatandel				
<b>269 486</b>	<b>2 966</b>	<b>Sum</b>				
RESULTATDISPONERING MORSELSKAP:						
		Avs.utbytte (tidlegare skattlagt kapital)			2 000	160 000
		<b>Overføring til annan eigenkapital</b>			<b>16 834</b>	<b>111 115</b>
		<b>Sum disponert</b>			<b>18 834</b>	<b>271 115</b>

KONSERN		EIGEDELAR / ANLEGGSMIDLAR		MORSELSKAP	
31.12.2019	31.12.2020		NOTE	31.12.2020	31.12.2019
IMMATERIELLE EIGEDELAR					
1 034 789	1 036 693	Vassdragsrettar	9	989 017	988 777
263 946	286 817	Utsatt skattefordel	9,12	272 187	254 572
<b>1 298 735</b>	<b>1 323 510</b>	<b>Sum immaterielle egedeler</b>		<b>1 261 204</b>	<b>1 243 349</b>
VARIGE DRIFTSIDLAR					
587 758	572 226	Vassdragsreguleringar	8	430 181	443 428
790 427	762 793	Kraftstasjonar	8	680 681	704 693
130 911	127 600	Bygningar	8	84 224	87 318
34 605	33 431	Fordelingsanlegg	8	23 320	24 254
14 316	10 782	Fjernstyring/Teleanlegg	8	8 616	11 752
258 343	534 452	Anlegg under utføring	8	428 354	256 869
1 800	1 810	Tomter	8	1 800	1 800
12 108	11 745	IT/Transport- og andre driftsmidler	8	11 745	12 108
<b>1 830 268</b>	<b>2 054 839</b>	<b>Sum varige driftsmidler</b>		<b>1 668 921</b>	<b>1 542 222</b>
Finansielle anleggsmidler					
0	0	Investeringar i datterselskap	10,5	134 365	133 702
84 793	79 927	Investeringar i tilknytt selskap	10	72 457	72 713
275 883	261 605	Øvrige aksjeinvesteringar	10	261 605	261 491
130 600	129 081	Langsiktige fordringar	2,3,11	441 160	340 812
<b>491 276</b>	<b>470 613</b>	<b>Sum finansielle anleggsmidler</b>		<b>909 587</b>	<b>808 718</b>
<b>3 620 279</b>	<b>3 848 962</b>	<b>Sum anleggsmidler</b>		<b>3 839 712</b>	<b>3 594 289</b>
OMLØPSIDLAR					
FORDRINGAR					
1 861	15 676	Andre fordringar	2,11	5 602	874
4 053	64	Andre finansielle omløpsmiddel	11	64	4 053
18 088	15 389	Kundefordringar	2,11	16 253	19 531
<b>24 002</b>	<b>31 129</b>	<b>Sum fordringar</b>		<b>21 919</b>	<b>24 458</b>
<b>187 307</b>	<b>66 091</b>	<b>Bankinnskott, kontanter o.l.</b>	4	<b>42 681</b>	<b>72 150</b>
<b>211 309</b>	<b>97 220</b>	<b>Sum omløpsmidler</b>		<b>64 600</b>	<b>196 608</b>
<b>3 831 588</b>	<b>3 946 182</b>	<b>Sum egedeler</b>		<b>3 904 312</b>	<b>3 790 897</b>

# BALANSE

Alle tall i 1000 NOK

KONSERN		EIGENKAPITAL OG GJELD		MORSELSKAP	
31.12.2019	31.12.2020		NOTE	31.12.2020	31.12.2019
<b>INNSKOTEN EIGENKAPITAL</b>					
3 748	3 748	Aksjekapital	13,14	3 748	3 748
<b>3 748</b>	<b>3 748</b>	<b>Sum innskoten eigenkapital</b>		<b>3 748</b>	<b>3 748</b>
<b>OPPTENT EIGENKAPITAL</b>					
2 419 600	2 406 585	Annan eigenkapital	14	2 419 788	2 417 292
<b>2 419 600</b>	<b>2 406 585</b>	<b>Sum opptent eigenkapital</b>		<b>2 419 788</b>	<b>2 417 292</b>
<b>10 799</b>	<b>17 909</b>	<b>Minoritet</b>			
<b>2 434 147</b>	<b>2 428 242</b>	<b>Sum eigenkapital</b>		<b>2 423 536</b>	<b>2 421 040</b>
<b>GJELD</b>					
<b>AVSETNAD FOR FORPLIKTINGAR</b>					
8 812	17 358	Pensjonsansvar	7,11	17 358	8 812
3 347	0	Anna avsetnad for forpliktning	11	0	3 347
<b>12 159</b>	<b>17 358</b>	<b>Sum avsetnad for forpliktingar</b>		<b>17 358</b>	<b>12 159</b>
<b>Anna langsiktig gjeld</b>					
600 000	600 000	Obligasjonslån	3,11	600 000	600 000
232 264	30 572	Øvrig langsiktig gjeld	3,11, 15	0	200 000
<b>832 264</b>	<b>630 572</b>	<b>Sum anna langsiktig gjeld</b>		<b>600 000</b>	<b>800 000</b>
<b>KORTSIKTIG GJELD</b>					
0	600 000	Sertifikat- og obligasjonslån		600 000	0
0	137 688	Gjeld til kredittinstitusjon		137 688	0
19 313	35 235	Leverandørgjeld	2	28 279	22 203
283 015	44 144	Betalbar skatt	12	44 144	282 336
22 885	7 338	Avgifter, skattetrekke m.m.		7 060	22 171
67 657	43 607	Anna kortsiktig gjeld	11	44 247	70 988
160 150	2 000	Avsett til utbytte	14	2 000	160 000
<b>553 020</b>	<b>870 012</b>	<b>Sum kortsiktig gjeld</b>		<b>863 418</b>	<b>557 698</b>
<b>1 397 443</b>	<b>1 517 942</b>	<b>Sum gjeld</b>		<b>1 480 776</b>	<b>1 369 857</b>
<b>3 831 588</b>	<b>3 946 182</b>	<b>Sum eigenkapital og gjeld</b>		<b>3 904 312</b>	<b>3 790 897</b>

# KONTANTSTRAUMANALYSE

Alle tall i 1000 NOK

KONSERN		LIKVIDER TILFØRT / BRUKT PÅ VERKSEMADA		MORSELSKAP	
31.12.2019	31.12.2020			31.12.2020	31.12.2019
LIKVIDER TILFØRT FRÅ ÅRETS DRIFT					
595 091	35 626	Resultat før skatt		54 567	596 522
-460 452	-283 015	Betalt skatt		-282 336	-455 552
62 003	62 651	Av- og nedskrivningar		53 832	53 261
<b>196 642</b>	<b>-184 738</b>	<b>Netto tilført frå årets drift</b>		<b>-173 937</b>	<b>194 231</b>
LIKVIDITETSENDRINGER I BALANSEN					
18 258	2 699	Endringar i kundefordringar		3 278	18 924
13 870	-9 826	Endringar i andre omløpsmidlar		-739	14 311
-28 148	13 054	Endring i kreditorar		6 076	-27 748
-105 327	-53 920	Endring i andre tidsavgrensingar		-60 724	-98 804
<b>-101 347</b>	<b>-47 993</b>	<b>Netto likviditetsendringer i balansen</b>		<b>-52 109</b>	<b>-93 317</b>
<b>95 295</b>	<b>-232 731</b>	<b>Sum likviditetsendringer frå årets drift</b>		<b>-226 046</b>	<b>100 914</b>
LIKVIDER TILFØRT / BRUKT PÅ INVESTERINGAR					
LIKVIDITETSENDRING FRÅ INVESTERINGAR					
-272 431	-258 071	Netto investering i varige driftsmidlar		-180 242	-179 318
-31 900	-18 530	Endring andre anleggsmidlar /Langsiktige fordringar		-100 869	-119 562
<b>-304 331</b>	<b>-276 601</b>	<b>Netto likviditetsendring frå investeringar</b>		<b>-281 111</b>	<b>-298 880</b>
LIKVIDITETSENDRING FRÅ FINANSIERING					
213 598	535 996	Endring renteberande gjeld		537 688	200 000
-210 000	-160 000	Utbetalt utbyte/tilbakebetaling kapital		-160 000	-210 000
0	0	Kapitalutviding		0	0
<b>3 598</b>	<b>375 996</b>	<b>Netto likviditetsendring frå finansiering</b>		<b>377 688</b>	<b>-10 000</b>
<b>-300 733</b>	<b>99 395</b>	<b>Sum likviditetsendringer frå investering</b>		<b>96 577</b>	<b>-308 880</b>
<b>-205 438</b>	<b>-133 336</b>	<b>Netto endringar i likvider gjennom året</b>		<b>-129 469</b>	<b>-207 966</b>
<b>392 745</b>	<b>199 427</b>	<b>Likviditetsbeholdning 01.01.</b>		<b>172 150</b>	<b>380 116</b>
<b>187 307</b>	<b>66 091</b>	<b>Likviditetsbeholdning 31.12.</b>		<b>42 681</b>	<b>172 150</b>

## Deloitte.

Deloitte AG  
Sandgaten 129  
Postboks 528  
NO-5501 Haugesund  
Norway

Tel: +47 53 70 25 40  
[www.deloitte.no](http://www.deloitte.no)

Til generalforsamlingen i Sunnhordland Kraftlag AS

### UAVHENGIG REVISORS BERETNING

#### Uttalelse om revisjonen av årsregnskapet

##### Konklusjon

Vi har revidert Sunnhordland Kraftlag AS' årsregnskap som viser et overskudd i selskapsregnskapet på kr 18 834 000 og et overskudd i konsernregnskapet på kr 2 966 000. Årsregnskapet består av:

- selskapsregnskapet, som består av balanse per 31. desember 2020, resultatregnskap og kontantstrømoppstilling for regnskapsåret avsluttet per denne datoën og noter til årsregnskapet, herunder et sammendrag av viktige regnskapsprinsipper,
- konsernregnskapet, som består av balanse per 31. desember 2020, resultatregnskap og kontantstrømoppstilling for regnskapsåret avsluttet per denne datoën og noter til årsregnskapet, herunder et sammendrag av viktige regnskapsprinsipper.

##### Etter vår mening:

- er årsregnskapet avgitt i samsvar med lov og forskrifter
- gir det medfølgende selskapsregnskapet et rettviseende bilde av den finansielle stillingen til Sunnhordland Kraftlag AS per 31. desember 2020 og av selskapets resultater og kontantstrømmer for regnskapsåret som ble avsluttet per denne datoën i samsvar med regnskapslovens regler og god regnskapsskikk i Norge,
- gir det medfølgende konsernregnskapet et rettviseende bilde av den finansielle stillingen til konsernet Sunnhordland Kraftlag AS per 31. desember 2020 og av konsernets resultater og kontantstrømmer for regnskapsåret som ble avsluttet per denne datoën i samsvar med regnskapslovens regler og god regnskapsskikk i Norge.

##### Grunnlag for konklusjonen

Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Norge, herunder de internasjonale revisjonstandardena International Standards on Auditing (ISA-ene). Våre oppgaver og plikter i henhold til disse standardene er beskrevet i Revisors oppgaver og plikter ved revisjon av årsregnskapet. Vi er uavhengige av selskapet og konsernet slik det kreves i lov og forskrift, og har overholdt våre øvrige etiske forpliktelser i samsvar med disse kravene. Etter vår oppfatning er innhentet revisjonsbeviset tilstrekkelig og hensiktsmessig som grunnlag for vår konklusjon.

##### Øvrig informasjon

Ledelsen er ansvarlig for øvrig informasjon. Øvrig informasjon omfatter informasjon i årsrapporten bortsett fra årsregnskapet og den tilhørende revisjonsberetningen.

Vår uttalelse om revisjonen av årsregnskapet dekker ikke øvrig informasjon, og vi attesterer ikke den øvrige informasjonen.

I forbindelse med revisjonen av årsregnskapet er det vår oppgave å lese øvrig informasjon med det formål å vurdere hvorvidt det foreligger vesentlig inkonsistens mellom øvrig informasjon og årsregnskapet, kunnskap vi har opparbeidet oss under revisjonen, eller hvorvidt den tilsynelatende inneholder vesentlig feilinformasjon.

Selskata vilkår og betingelser (SVB) i samsvar med regnskapslovene i Norge, og andre relevante innstanser, inkludert, men ikke begrenset til, "Dokumentasjon om revisjonsberetning", er tilgjengelig på [www.deloitte.no](http://www.deloitte.no). Denne revisjonsberetningen er ikke en del av årsregnskapet og ikke en del av årsrapporten. SVB og andre relevante innstanser kan lastes ned fra [www.deloitte.no](http://www.deloitte.no).

Rapporten i finansieringsmekanismen av Sunnhordland Kraftlag  
Organisasjonsnummer: 980 221 381

## Deloitte.

side 2  
Uavhengig revisors beretning -  
Sunnhordland Kraftlag AS

Dersom vi konkluderer med at den øvrige informasjonen inneholder vesentlig feilinformasjon er vi pålagt å rapportere det. Vi har ingenting å rapportere i så henseende.

#### Styrets og daglig leders ansvar for årsregnskapet

Styret og daglig leder (ledelsen) er ansvarlig for å utarbeide årsregnskapet i samsvar med lov og forskrifter, herunder for at det gir et rettviseende bilde i samsvar med regnskapslovens regler og god regnskapsskikk i Norge. Ledelsen er også ansvarlig for slik intern kontroll som den finner nødvendig for å kunne utarbeide et årsregnskap som ikke inneholder vesentlig feilinformasjon, verken som følge av misligheter eller utilsiktede feil.

Ved utarbeidelsen av årsregnskapet er ledelsen ansvarlig for å ta standpunkt til selskapets og konsernets evne til fortsatt drift, og på tilberig måte å opplyse om forhold av betydning for fortsatt drift. Forutsetningen om fortsatt drift skal legges til grunn for årsregnskapet så lenge det ikke er sannsynlig at virksomheten vil bli avviklet.

#### Revisors oppgaver og plikter ved revisjonen av årsregnskapet

Vårt mål med revisjonen er å oppnå betryggende sikkerhet for at årsregnskapet som helhet ikke inneholder vesentlig feilinformasjon, verken som følge av misligheter eller utilsiktede feil, og å avgjøre revisjonsberetning som inneholder vår konklusjon. Betryggende sikkerhet er en høy grad av sikkerhet, men ingen garanti for at en revisjon utført i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Norge, herunder ISA-ene, alltid vil avdekke vesentlig feilinformasjon som eksisterer. Feilinformasjon kan oppstå som følge av misligheter eller utilsiktede feil. Feilinformasjon blir vurderet som vesentlig dersom den enkeltvis eller samlet med rimelighet kan forventes å påvirke økonomiske beslutninger som brukerne foretar basert på årsregnskapet.

Som del av en revisjon i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Norge, herunder ISA-ene, utøver vi profesjonelt skjenn og utviser profesjoneell skepsis gjennom hele revisjonen. I tillegg:

- identifiserer og anslår vi risikoene for vesentlig feilinformasjon i regnskapet, enten det skyldes misligheter eller utilsiktede feil. Vi utformer og gjennomfører revisjonshandlingene for å håndtere slike risikoer, og innhenter revisjonsbevis som er tilstrekkelig og hensiktsmessig som grunnlag for vår konklusjon. Risikoene for at vesentlig feilinformasjon som følge av misligheter ikke blir avdekket, er høyere enn for feilinformasjon som skyldes utilsiktede feil, siden misligheter kan innebære samarbeid, forfalskning, bevisste utelatelser, unikt fremstillingar eller overstyring av internkontroll.
- opparbeider vi oss en forståelse av den interne kontroll som er relevant for revisjonen, for å utforme revisjonshandlingene som er hensiktsmessige etter omstendighetene, men ikke for å gi uttrykk for en mening om effektiviteten av selskapets og konsernets interne kontroll.
- evaluerer vi om de anvendte regnskapsprinsippene er hensiktsmessige og om regnskapsestimatene og tilhørende noteopplysninger utarbeidet av ledelsen er rimelige.
- konkluderer vi på hensiktsmessigheten av ledelsens bruk av fortsatt drift-forutsetningen ved avleggelsen av regnskapet, basert på innhentede revisjonsbevis, og hvordan det foreligger vesentlig usikkerhet knyttet til hendelser eller forhold som kan skape tvil av betydning om selskapets og konsernets evne til fortsatt drift. Dersom vi konkluderer med at det eksisterer vesentlig usikkerhet, kreves det at vi i revisjonsberetningen henleder oppmerksomheten på tilleggsopplysningene i regnskapet, eller, dersom slike tilleggsopplysningene ikke er tilstrekkelige, at vi modifiserer vår konklusjon om årsregnskapet og årsberetningen. Våre konklusjoner er basert på revisjonsbevis innhentet inntil datoën for revisjonsberetningen. Etterfølgende hendelser eller forhold kan imidlertid medføre at selskapet og konsernet ikke fortsetter driften.
- evaluerer vi den samlede presentasjonen, strukturen og innholdet, inkludert tilleggsopplysningene, og hvorvidt årsregnskapet representerer de underliggende transaksjonene og hendelsene på en måte som gir et rettviseende bilde.
- innhenter vi tilstrekkelig og hensiktsmessig revisjonsbevis vedrørende den finansielle informasjonen til enhetene eller forretningsområdene i konsernet for å kunne gi uttrykk for en mening om det konsoliderte regnskapet. Vi er ansvarlige for å lede, følge opp og gjennomføre konsernrevisjonen. Vi alene er ansvarlige for vår revisjonskonklusjon.

Vi kommuniserer med dem som har overordnet ansvar for styring og kontroll blant annet om det planlagte omfanget av revisjonen og til hvilken tid revisjonsarbeidet skal utføres. Vi utveksler også informasjon om forhold av betydning som vi har avdekket i løpet av revisjonen, herunder om eventuelle svakheter av betydning i den interne kontrollen.

# REVISORSI MELDING

**Deloitte.**

side 3  
Uavhengig revisors beretning -  
Sunnhordland Kraftlag AS

**Uttalelse om andre lovmessige krav**  
**Konklusjon om driftsberetningen**  
Basert på vår revisjon av årsregnskapet som beskrevet ovenfor, mener vi at opplysningene i årsberetningen om årsregnskapet, forutsetningen om fortsatt drift og forslaget til resultatdisponering er konsistente med årsregnskapet og i samsvar med lov og forskrifter.

**Konklusjon om registrering og dokumentasjon**  
Basert på vår revisjon av årsregnskapet som beskrevet ovenfor, og kontrollhandlinger vi har funnet nødvendig i henhold til internasjonal standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000 «Attestasjonsoppdrag som ikke er revisjon eller forenklet revisorkontroll av historisk finansiell informasjon», mener vi at ledelsen har oppfyllt sin plikt til å sørge for ordentlig og oversiktig registrering og dokumentasjon av selskapets regnskapsopplysninger i samsvar med lov og god bokføringsskikk i Norge.

Haugesund, 8. april 2021  
Deloitte AS

Jørn Marcussen  
statsautorisert revisor

Pennie Dokumentsignatur GP III 2004 QMUN HE0001 UEAH-INDOG

**PENNIE**

Signaturen i dette dokumentet er juridisk bindende. Dokumentet signert med "Pennie™ - sikker digital signatur".  
De signerte(r) påtar sin identitet er registrert, og er listet nedenfor.

"Med min signatur bekrefter jeg alle dataer og innholdet i dette dokument."

**Jørn-Didrik Marcussen**  
Statsautorisert revisor  
Serienummer: R578-5990-4-1647836  
IP: 207.177.200.200  
Dato: 04.04.2021, 12:34:54Z 

Dokumentet er signert digitalt, med Pennie.com. Alle digitale signatur-data i dokumentet er sikret og validert av den datamaskin-utregnete hash-verdien i det opprinnelige dokumentet. Dokumentet er tilst å tids-stemplet med et sertifikat fra en betrodd tredjepart. All kryptografisk basis er integrert i denne PDF, for fremtidig validering (husk nøyaktig).

Hjemmel bekrefter at dette dokumentet er originalt.  
Dokumentet er beskyttet av ett Adobe (CC) sertifikat. Når du åpner dokumentet:

Adobe Reader skal du kunne se at dokumentet er sertifert av Pennie e-signature service <spennie@pennie.com>. Dette garanterer at innholdet i dokumentet ikke har blitt endret.

Det er lett å kontrollere de kryptografiske basene som er lokalisert inne i dokumentet, med Pennie validator - <https://pennie.com/validate>

Pennie Dokumentsignatur GP III 2004 QMUN HE0001 UEAH-INDOG

# NOTAR 2020



**SKL** 

# TRANSAKSJONER OG MELLOMVÆRENDE MED NÆRSTÅENDE PARTER

## MORSELSKAPET

Resultatmessige transaksjoner med nærmiljøende parter:

<b>Transaksjonsgruppe</b>	<b>Tilhørende resultatlinje</b>	<b>Motpart</b>	<b>Forhold</b>	<b>2020</b>	<b>2019</b>
